LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Oster Pukk og Sand AS
Eikemovegen 3
5994 VIKANES

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Anne Lise Molvik	07.12.2018
Vår: 18/1969 - 18/36709	anne.lise.molvik@lindas.kommune.no	

Svar på førespurnad - gbnr 220/2 Aurdal store

Vi viser til dykkar førespurnad datert 06.12.2018 som gjeld frådeling av eit areal på gbnr 220/2 mellom vegen inn i dalen og gbnr 220/9. Arealet omfattar tilkomstvegen til gbnr 220/9 og skal overførast til eigar av gbnr 220/9.

Arealet som det her er snakk om er del av søknad om frådeling av fleire parsellar frå eigedomen gbnr 220/2 som er journalført mottatt 26.06.2018. Søknaden var ikkje tilstrekkeleg dokumentert og er lagt på vent i påvente av innsending av tilleggsdokumentasjon.

Kommunen kan ikkje ta stilling til førespurnaden dykkar slik status i saka er per dato. Frådeling av det aktuelle arealet krev løyve både etter plan- og bygningslova og jordlova. Tiltaket er heller ikkje i tråd med gjeldande plan (det er ikkje knytt til gardsdrift) og vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå plangrunnlaget.

Vi tilrår at de supplerar søknaden som ligg føre, eller sender inn ny søknad om frådeling som berre gjeld arealet mellom vegen inn i dalen og gbnr 220/9, slik at kommunen kan ta søknaden til handsaming.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Oster Pukk og Sand AS Eikemovegen 3 5994 VIKANES

Mottakarar:
Oster Pukk og Sand AS Eikemovegen 3 5994 VIKANES